Møre og Romsdal fylkeskom, forskottering Funes	21 700 000	21 700 000	0	0	0
Sum lånefinansierte utlån	53 210 229	51 378 740	0	0	0
Utlån finansiert med egne midlar					0
Sula Bedriftsteneste	1 050 000	1 050 000	0	0	0
Sula ride- og fritidssenter	132 086	156 219	0	0	0
Langevåg IL - forskottering spelemidler	850 000	0	0	0	0
Sum eigenfinansierte utlån	2 032 086	1 206 219	0	0	0
Sum	55 242 315	52 584 959	0	0	0

Note nr. 9 Marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar

Aktiv forvaltning	Kostpris 31.12.2021	Marknadsverdi 31.12.2021	Marknadsverdi 31.12.2020	Innløysing / kjøp	Årets resultatførte verdiendring
Fondsforvaltning aksje- og obligasjonsfond	69 654 846	85 598 611	77 783 850		7 814 761
Fondsforvaltning pengemarkedsfond	27 749 663	27 886 303	15 592 528	12 149 957	143 818
Pengem.fond Nordea	0	0	12 092 501	-12 149 957	57 456
SUM	97 404 509	113 484 914	105 468 879	0	8 016 035

Note nr. 10 Langsiktig gjeld

Tabellen nedanfor viser samla gjeld fordelt på kreditor:

Kreditorar	31.12.2021	31.12.2020
Husbanken	47 827 641	34 196 445
Kommunalbanken p.t og Nibor	8 550 000	8 550 000
Danske Bank FRN 3 år	100 000 000	0
Kommunalbanken fastrente 10 år	388 544 000	212 500 000
KLP Fast	200 000 000	300 000 000
Swedbank fastrente 5 år, obligasjon	100 000 000	100 000 000
DNB Sertifikatlån	0	250 000 000
KLP Sertifikatlån	0	176 044 000
Sparebank 1 markeds sertifikatlån	205 000 000	0
SEB sertifikatlån	150 000 000	0
Kommunen si samla lånegjeld	1 199 921 641	1 081 290 445

Gjennomsnittlig rente på våre lån pr 31.12.2021 var 1,43%. Gjennomsnittlig løpetid på lån var 4,36 år. Verdien av lån som forfaller og må refinansierast i 2022 er 455 mill kroner.

Tabellen nedanfor viser lån med fastrente:

Lån med fastrente	Lånebeløp	Renter	Forfallsdato
Kommunalbanken fastrente 10 år	122 500 000	2,230 %	09.04.2025
Kommunalbanken fastrente 10 år	90 000 000	1,340 %	02.10.2030
Kommunalbanken fastrente 10 år	176 044 000	2,080 %	15.04.2031
Swedbank fastrente 5 år	100 000 000	1,758 %	01.09.2022
KLP Fast 10 år	100 000 000	2,635 %	12.09.2028
KLP Fast 7 år	100 000 000	1,447 %	08.04.2027
SUM	688 544 000		

Vi har hatt ein renteswapavtale med DNB. Avtalen blei avslutta i august 2021. Formålet med avtalen var rentesikring.

Renteswapavtale	Beløp	Frå dato	Til dato	Betaler	Mottek
Renteavtale med DNB	50 000 000	22.08.2016 / DNB	23.08.2021	3,21 %	3 mnd NIBOR

Gjeldsforpliktingar fordelt på ulike område

Gjeld knytt til sjølvkostområder vert betalt gjennom brukarbetaling. Vidareformidlingslån vert betalt av dei innbyggjarane kommunen har lånt ut midlane til.

	31.12.2021	31.12.2020
Kommunen si samla lånegjeld	1 199 921 641	1 081 290 445
Andel knyttet til sjølvkostområder:		
Vatn	81 061 324	83 646 859
Avløp	161 325 918	160 925 348
Renovasjon	12 010 889	12 346 916
Andre sjølvkostområder	1 068 337	1 137 531
SUM	255 466 468	258 056 654
Andel knytt til rente og avdragskompensasjon:		
Handlingsplan for eldre	17 955 647	19 755 079
Skulepakken - rentekompensasjon	6 125 303	7 077 261
Skulepakken II	16 300 000	17 658 333
Orgel-rentekompensasjon	1 841 099	2 174 432
Tak indre Sula kyrkje - rentekom.	1 236 219	1 381 339
SUM	43 458 268	48 046 444
Vidareformidlingslån		
Vidareformidlingslån:	47 827 641	34 196 445

Note nr. 11 Avdrag på gjeld

Kommunen skal betale årlige avdrag som samlet skal være minst lik størrelsen på kommunens avskrivninger i regnskapsåret, justert for forholdet mellom størrelsen på lånegjelden og størrelsen på kommunens avskrivbare anleggsmidler.

Beregningen gjøres ved hjelp av følgende formel:

$$\frac{\text{Sum årets avskrivninger} \times \text{Lånegjeld pr. 1/1 i regnskapsåret}}{\text{Bokførte avskrivbare anleggsmidler pr. 1/1 i regnskapsåret}} = \text{Minimumsavdrag}$$

Forholdet mellom betalte avdrag om minimumsavdrag	2021	2020
Sum avskrivninger i året	47 517 225	46 947 952
Sum lånegjeld pr 1.1.	1 047 094 000	988 569 060
Avskrivbare anleggsmidler pr. 1.1	1 122 936 447	1 123 210 721
Bergnet minimumsavdrag	44 307 940	41 320 201
Utgiftsførte avdrag i driftsregnskapet	45 000 000	41 475 060
Differanse	-692 060	-154 859

Avdrag på lån videreutlån

Mottatte avdrag på videreutlån og refusjoner av gitte forskotteringer finansiert med lån kan bare finansiere avdrag på lån eller nye utlån, jf KL 14-17, 2. ledd. Dersom slike mottatte avdrag benyttes til å betale avdrag på lån etter KL § 14-15 første og andre ledd og § 14-16, skal dette ikke redusere minimumsavdraget, jf KL § 14-18 tredje ledd.

	2021	2020
Mottatte avdrag på startlån	1 686 621	1 602 909
Utgiftsførte avdrag i investeringsregnskapet	1 368 804	816 368
Avsetning til/bruk av avdragsfond	317 817	786 541
Saldo avdragsfond 31.12.	1 147 419	829 602

Note nr. 12 Pensjoner

Generelt om pensjonsordningene i kommunen

Kommunen har kollektive pensjonsordninger i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) og Statens pensjonskasse (SPK) som sikrer ytelsesbasert pensjon for de ansatte.

Pensjonsordningen omfatter alders-, uføre-, ektefelle-, barnepensjon samt AFP/tidligpensjon og sikrer alders- og uførepensjon med samlet pensjonsnivå på 66% sammen med folketrygden. Pensjonene samordnes med utbetaling fra NAV.

Premiefond

Premiefondet er et fond for tilbakeført premie og overskudd. Eventuelle midler på premiefondet kan bare brukes til fremtidig premiebetaling. Premiefondet fremgår ikke av kommuneregnskapet, men bruk av fondet reduserer faktisk betalte pensjonspremier.

Tall i tusen kr	2021	2020
Innestående på premiefond 01.01.	891	61
Tilført premiefondet i løpet av året	43 456	4 886
Bruk av premiefondet i løpet av året	4 781	4 056
Innestående på premiefond 31.12.	39 567	891

Som det framgår av tabellen over så har saldo på premiefondet hatt ei stor auke fra 2020 til 2021. Dette skyldes ei ekstraordinær tilbakeføring fra KLP til kundane. Årsaken er endring i reglane for ofentlig tenestepensjon. Avsetningskravet til fremtidige alderspensjoner er redusert. Den ekstraordinære tilføringen var på ca 37 mill kr.

Regnskapsføring av pensjon

Etter § 3-5 og § 3-6 i årsregnskapsforskriften skal driftsregnskapet belastes med pensjonskostnader som er beregnet ut fra langsiktige forutsetninger om avkastning, lønnsvekst og G-regulering. Pensjonskostnadene beregnes på en annen måte enn pensjonspremien som betales til pensjonsordningen, og det vil derfor normalt være forskjell mellom disse to størrelsene. Forskjellen mellom betalt pensjonspremie og beregnet

pensjonskostnad betegnes premieavvik, og skal inntekts- eller utgiftsføres i driftsregnskapet. Premieavviket tilbakeføres igjen neste år/med 1/7 per år for premieavvik oppstått i 2014 eller senere, med 1/10 per år for premieavvik oppstått fra 2011 til 2013 og med 1/15 per år for premieavvik oppstått fra 2002 til 2010.

Regnskapsføringen av pensjon innebærer et unntak fra de grunnleggende prinsippene for kommuneregnskapet om at alle kjente utgifter og inntekter i året skal tas med i årsregnskapet for vedkommende år (kl § 14-6, 2. ledd nr c). Regnskapsføringen av premieavvik og amortisering av premieavvik har hatt innvirkning på netto driftsresultat i 2021 ved at regnskapsførte pensjonsutgifter er kr. 18 097 000 lavere enn faktisk betalte pensjonspremier.

Bestemmelsene innbærer også at beregnede pensjonsmidler og pensjonsforpliktelser er oppført i balansen som henholdsvis anleggsmidler og langsiktig gjeld.

Økonomiske forutsetninger for beregning av pensjonskostnaden	KLP	SPK
Forventet avkastning pensjonsmidler	3,50 %	3,00 %
Diskonteringsrente	3,00 %	3,00 %
Forventet årlig lønnsvekst	1,98 %	1,98 %
Forventet årlig G- og pensjonsregulering	1,98 %	1,98 %

Spesifikasjon av samlet pensjonskostnad, premieavvik pensjonsforpliktelser og estimatavvik

(tall i tusen)

Pensjonskostnad og premieavvik	2021	2020
Årets pensjonsopptjening, nåverdi	40 110	38 428
Rentekostnad av påløpt pensjonsforpliktelse	21 725	25 382
Forventet avkastning på pensjonsmidlene	-24 390	-27 460
Adminstrasjonskostnad	1 870	2 265
A Beregnet netto pensjonskostnad (inkl. adm)	39 316	38 615
B Forfalt pensjonspremie (inkl. adm.kostnader)	65 614	47 153
C Årets premieavvik (B-A)	26 298	8 537

Pensjonsutgifter i drifts- og investeringsregnskapet	2021	2020
B Forfalt pensjonspremie (inkl. adm.kostnader)	65 614	47 153
C Årets premieavvik	-26 298	-8 537
D Amortisering av tidligere års premieavvik	8 201	6 843
E Brutto pensjonsutgift etter premieavvik og amortisering (SUM B:D)	47 517	45 458
G Pensjonstrekk ansatte	7 063	6 853
Årets regnskapsførte pensjonsutgift (F-G)	40 454	38 606

Akkumulert premieavvik	2021	2020
Sum gjenstående premieavvik tidligere år (pr. 01.01.)	34 764	33 070
Årets premieavvik	26 298	8 537
Sum amortisert premieavvik dette året	-8 201	-6 843
Akkumulert premieavvik pr. 31.12	52 861	34 764
Arbeidsgiveravgift av akkumulert premieavvik	7 453	4 902
Sum akkumulert premieavvik inkl. arb.g.avgift	60 315	39 666

Pensjonsmidler og pensjonsforpliktelser	2021	2020
Netto pensjonsforpliktelser pr. 01.01.	9 639	88 076
Årets premieavvik	-26 298	-8 537
Estimataavvik (ført direkte mot egenkapitalen)	9 430	-69 900
Virkningen av planendringer (ført direkte mot egenkapitalen)		
Netto pensjonsforpliktelser (positivt forteikn) / netto pensjonsmidler pr. 31.12.	-7 230	9 639
Herav:		
Brutto pensjonsforpliktelse	740 723	746 066
Pensjonsmidler	747 952	736 427
Arbeidsgiveravgift av netto pensjonsforpliktelse/pensjonsmidler	-1 019	1 359

Note nr. 13 Garantier gitt av kommunen

Kommunen kan gi garantier med heimel i KL § 14-19 og Forskrift om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner.

Garantier gitt av kommunen – nedkvittert per 31.12.2021			
Garanti gitt til	Garantibeløp	Restbeløp	Garantien går ut
Stiftelsar:			
Rørstad Barnehage - Husbanken	7 690 000	4 072 717	Ultimo 2033
Andre:			
Sula Bedriftsteneste kommunal Banken, sjølvskyldnar kausjon	10 000 000	6 638 800	18.05.2038
Sula Bedriftsteneste kommunal Banken, sjølvskyldnar kausjon	3 000 000	2 340 000	31.05.2041
Sula Bedriftsteneste kommunal Banken, sjølvskyldnar kausjon	1 000 000	800 000	18.01.2038
Sula Bedriftsteneste kommunal Banken, sjølvskyldnar kausjon	1 150 000	862 500	01.08.2029
Ålesundsregionens Havnevesen KLP Kommunal Landspensjonskasse	7 lån	5 344 996	2027 - 2061
Ålesundsregionens Havnevesen KLP Kommunekreditt AS	4 lån	5 153 429	2027 - 2061
Sula Ride- og fritidssenter AS	320 000	272 000	18.12.2024
SUM		25 484 442	

Note nr. 14 Fond

Bundne fond	Beholdning 1.1.2021	Avsetninger	Bruk av fond	Beholdning 31.12.2021
Bundne driftsfond				
Sjølvkostfond	1 999 198	4 423 286	90 546	6 331 938
Bundne fond innan "Kultur"	1 328 132	82 203	0	1 410 335
Bundne fond innan "Oppvekst"	2 483 401	1 121 214	294 689	3 309 926
Bundne fond innan "Helse og sosial"	2 533 116	803 881	510 895	2 826 102
Næringsfond	2 691 210	446 000	291 467	2 845 743
Øvrige bundne driftsfond	3 333 879	1 220	0	3 335 099
Sum	14 368 936	6 877 804	1 187 597	20 059 143
Bundne investeringsfond				
Fond knytta til startlån	829 601	317 817	0	1 147 419
Fond knytta til koronatilskot i 2020	189 753	0	189 753	0
Sum	1 019 354	317 817	189 753	1 147 419

Ubundne fond	Beholdning 1.1.2021	Avsetninger	Bruk av fond	Beholdning 31.12.2021
Ubundne driftsfond				
Overskotsfond	86 703 207	22 939 882	0	109 643 089
Risikoreguleringsfond	7 807 264	0	0	7 807 264
Flytningfond	4 695 347	2 899 791		7 595 138
Øvrige ubundne driftsfond	151 583	0	0	151 583
Sum	99 357 401	25 839 673	0	125 197 074
Ubundne investeringsfond				
Avsatt til egenkapital	62 878 455	0	1 449 464	61 428 991
Øvrige ubundne investeringsfond	5 777 254	1 925 487	850 000	6 852 741
Sum	68 655 709	1 925 487	2 299 464	68 281 732

Tabellen nedanfor viser spesifikasjon av vesentlege bundne fond (større enn 1 mill):

Type fond	Avsetning	Bruk	Saldo 31.12.2021	Formål	Årsak ikkje bruk av fond
Bundne driftsfond					
OVERSKOT KLOAKK	3 700 786	0	5 024 652	Sjølvkostfond	Etterkalkylen for avløpsområdet viser meirinntekt, som er avsatt til fondet. Bruk av fondet er aktuelt ved mindreinntekt.
NÆRINGSFOND	0	291 467	2 399 743	Kommunalt næringsfond, til styrking av næringsutvikling og sysselsetting.	
ETABLERINGSTILSKOT PRIVAT GRUPPE	0	0	2 500 000	Etableringstilskot frå Husbanken	Det er ikkje innvilga søknader om etableringstilskot i 2021, derfor ikkje bruk av fondet
Bunde investeringsfond					
OVERSKOT AVDRAG STARTLÅN	317 817	0	1 147 419	Består av den del av mottatte avdrag på vidareutlån som ikkje er gått til finansering av avdrag på lån eller nye utlån. Kan nyttast til finansering av avdrag eller utlån	Mottatte avdrag på utlån i året overstig betalte avdrag på innlån til utlån, og overdekning må avsetast til fond. Ikkje behov for bruk av fondet i 2021

Note nr. 15 Sjølvkosttjenester

Allte tall er i tusen kr.

Sjølvkostområde VATN	Regnskap 2021	Regnskap 2020
Brukarbetalingar/salsinntekt	18 063	15 426
Direkte kostnader	12 677	10 327
Indirekte kostnader	388	700
Netto kapitalkostnader	4 966	4 689
Overskot/underskot	32	-290
Sjølvkost	100,2 %	98,2 %
Disp. til/frå bunde sjølvkostfond		
Kalkulatorisk rente sjølvkostfond	-33	-21
Avsett til fond/bruk av fond	-1	-311
Framførbart underskot 31.12	-1 712	-1 711

Sjølvkostområde AVLØP	Regnskap 2021	Regnskap 2020
Brukarbetalingar/salsinntekt	22 142	21 209
Andre inntekter	155	236
Direkte kostnader	9 088	9 832
Indirekte kostnader	356	694
Netto kapitalkostnader	9 213	8 499
Overskot/underskot	3 639	2 420
Sjølvkost	119,7 %	112,9 %
Disp. til/frå bunde sjølvkostfond	3 639	2 420
Kalkulatorisk rente sjølvkostfond	61	1
Brukt/Avsett til fond	3 701	2 421
Fond/framførbart underskot 31.12	5 025	1 324

Sjølvkostområde RENOVASJON	Regnskap 2021	Regnskap 2020
Brukarbetalingar/salsinntekt	10 977	9 761
Direkte kostnader	10 931	10 110
Indirekte kostnader	175	317
Netto kapitalkostnad	574	506
Overskot/underskot	-703	-1 171
Sjølvkost	94,0 %	89,3 %
Disp. til/frå bunde sjølvkostfond	-703	-1 171
Kalkulatorisk rente sjølvkostfond	-39	-14
Avsett til fond/bruk av fond	-742	-1 185
Framførbart underskot 31.12	-2 359	-1 617

Sjølvkostområde SLAM	Regnskap 2021	Regnskap 2020
Brukarbetalingar/salsinntekt	504	505
Direkte kostnader	780	747
Indirekte kostnader	41	81
Netto kapitalkostnader	4	
Overskot/underskot	-321	-324
Sjølvkost	61 %	61 %
Disp. til/frå bunde sjølvkostfond	-321	-324
Kalkulatorisk rente sjølvkostfond	-4	1
Bruk av fond	-326	-322
Fond/framførbart underskot 31.12	-394	-69

Sjølvkostområde FEIING	Regnskap 2021	Regnskap 2020
Brukarbetalingar/salsinntekt	1 335	1 330
Direkte kostnader	1 326	1 394
Indirekte kostnader	63	103
Netto kapitalkostnader	4	0
Overskot/underskot	-58	-167
Sjølvkost	96 %	89 %
Disp. til/frå bunde sjølvkostfond	-58	-167
Kalkulatorisk rente sjølvkostfond	1	2
Avsett til fond/bruk av fond	-57	-165
Fond/framførbart underskot 31.12	4	61

Reguleringsplaner	Regnskap 2021	Regnskap 2020
Brukarbetalingar/salsinntekt	197	1 338
Direkte kostnader	1 108	1 109
Indirekte kostnader	157	196
Netto kapitalkostnader	14	0
Overskot/underskot	-1 083	33
Sjølvkost	15,4 %	102,6 %
Subsidiering	1 049	0
Disp. til/frå bunde sjølvkostfond	-34	33
Kalkulatorisk rente sjølvkostfond	0	0
Avsett til fond/bruk av fond	-33	33
Fond/framførbart underskot 31.12	0	33

Bygge- og delesaker	Regnskap 2021	Regnskap 2020
Brukarbetalingar/salsinntekt	2 424	1 804
Andre inntekter	0	39
Direkte kostnader	1 815	1 907
Indirekte kostnader	167	226
Netto kapitalkostnader	49	35
Overskot/underskot	392	-325
Sjølvcost	119,3 %	84,7 %
Disp. til/frå bunde sjølvcostfond	392	0
Kalkulatorisk rente sjølvcostfond	4	0
Avsett til fond/bruk av fond	396	0
Fond/framførbart underskot 31.12	396	0

Kart og oppmåling	Regnskap 2021	Regnskap 2020
Brukarbetalingar/salsinntekt	1 386	1 828
Andre inntekter	0	0
Direkte kostnader	1 500	1 641
Indirekte kostnader	98	144
Netto kapitalkostnader	14	0
Underskot/overskot	-226	42
Sjølvcost	86 %	102 %
Subsidiering	237	0
Disp. til/frå bunde sjølvcostfond	-226	42
Kalkulatorisk rente sjølvcostfond	1	0
Avsett til fond/bruk av fond	12	42
Fond/framførbart underskot 31.12	54	42

Forureining	Regnskap 2021	Regnskap 2020
Brukarbetalingar/salsinntekt	193	206
Direkte kostnader	16	15
Indirekte kostnader	21	26
Netto kapitalkostnader	4	
Underskot/overskot	152	165
Sjølvcost	1189 %	1341 %
Disp. til/frå bunde sjølvcostfond	152	165
Kalkulatorisk rente sjølvcostfond	11	5
Avsett til fond/bruk av fond	163	170
Fond/framførbart underskot 31.12	636	474

Eigarseksjonering	Regnskap 2021	Regnskap 2020
Brukarbetalingar/salsinntekt	204	0
Direkte kostnader	55	0
Indirekte kostnader	1	0
Netto kapital kostnader		
Underskot/overskot	149	0
Sjølvcost	375 %	0 %
Disp. til/frå bunde sjølvcostfond	149	0
Kalkulatorisk rente sjølvcostfond	3	0
Avsett til fond/bruk av fond	152	0
Fond/framførbart underskot 31.12	216	64

Oppsummering:

Sjølvcostfond (tal i kr)	Art	31.12.2020	Renter	Bruk/avsetning	31.12.2021
Framførbart underskot vatn	292000912	-1 711 380	-33 158	32 418	-1 712 120
Bunde fond avløp	251080512	1 323 865	61 489	3 639 298	5 024 652
Framførbart underskot slam	292000916	-68 622	-4 483	-321 128	-394 233
Framførbart underskot renovasjon	292000915	-1 617 027	-38 507	-703 308	-2 358 842
Bunde fond feiing	251080538	61 133	629	-57 972	3 790
Bunde fond forureining	251080583	473 616	10 750	151 998	636 364
Bunde fond eierseksjonering	251080591	64 309	2 718	149 269	216 296
Bunde fond reguleringsplanar	251080597	33 528	328	-33 529	327
Bunde fond kart og oppmåling	251080598	42 744	943	10 892	54 579
Bunde fond bygge og delesaker	251080603	0	3 835	392 095	395 930
SUM		-1 397 834	4 544	3 260 033	1 866 743

Det er ikkje tillatt å føre negative sjølvcostfond (framførbart underskot). Fonda som er negative blir i staden ført på «memoriakonti».

Note nr. 16. Sal av finansielle anleggsmidler

Kommunen har ikkje seld finansielle anleggsmidler i 2021.

Note nr. 17 Ytingar til adm.sjef og ordførar

Lønn 2021 ordfører kr. 962.835.

Arbeidsgivers andel av pensjonsinnbetaling kr. 184.392.

Andre utgiftsgodtgjersle kr. 5.540.

Lønn 2021 kommunedirektør kr.1.197.518.

Arbeidsgivers andel av pensjonsinnbetaling kr. 229.983.

Andre utgiftsgodtgjersler kr.4.984.

Note nr. 18 Godtgjersle til revisor

Kommunens revisor er Møre og Romsdal Revisjon SA

Godtgjørelse til revisor	2021	2020
Regnskapsrevisjon	564 000	720 000
Forvaltningsrevisjon	284 750	72 300
Eierskapskontroll	0	0
Rådgivningstjenster	0	0
Samlet godtgjørelse	848 750	792 300

Note nr. 19 Usikre forpliktelsar, betinga eigendelar og hendingar etter balansedagen

Det er ikkje bokført vesentlege usikre forpliktelser i rekneskapen for 2021.

Ein er ikkje kjent med hendingar etter balansedagen av vesentleg betydning for vurderinga av kommunens økonomiske utvikling og stilling.

Note nr. 20 Spesifikasjon av vesentlege postar

Tabellen nedanfor spesifiserer kommunen sine utgifter til faste driftsavtalar:

Type avtale	Årlig driftsutgift 2021	Årlig driftsutgift 2020
Leiekontrakt lokalar adresse:		
NAV kommune	745 680	733 212
Fast driftsavtale:		
Sula Bedriftsteneste AS. Driftstilskot	1 305 090	1 095 978
Legevakt	2 524 804	2 268 629
ØDH - Øyeblikkelig hjelp Døgnetenhet	2 287 590	2 296 764
Vask av bygg	5 921 983	5 493 370
Brannvesen	6 920 338	3 137 833
Feiing	1 228 000	1 369 016
Krisesenter	755 330	709 968
Nødnett 116/117	1 105 199	911 408
Private barnehagar	50 647 914	54 712 494
Vaksenopplæring	2 730 240	3 592 785
Interkommunal revisjon; IKS	848 750	720 000
e-kommune Sunnmøre	4 070 978	4 430 263
Sum Faste driftsavtalar	80 346 216	80 738 508

Sula kommune



Kommunedirektøren si årsmelding
2021

Innhold

Om årsmeldinga:.....	2
Om rekneskapen:	2
Tilhøve som er viktige for å vurdere kommunen si økonomiske stilling.....	2
Resultat:	2
Gjeld:	4
Finansielle måltall:	4
Likestilling og diskriminering	6
Tiltak for å sikre betryggende kontroll og høg etisk standard i kommunen.	7
Rekneskapsanalyse	9
Driftsrekneskap for 2021	9
Oppvekst.....	11
Helse og sosial.....	15
Kultur	17
Kommunalteknikk og eigedom	17
Vann, avløp og renovasjon (VAR)	18
Plan bygg og oppmåling (PBO).....	18
Investeringsrekneskap for 2021	22
Sentraladministrasjonen	23
Helse og sosial.....	23
Teknisk (ekskl VAR).....	23
VAR.....	23
Balanserekneskapen.....	24
Økonomisk effekt av koronapademien i 2021	25

Om årsmeldinga:

Årsrekneskap og årsmelding er avlagt etter Kommuneleova og Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner.

Etter kommunelova § 14-7 skal kommuner utarbeide årsmelding og den skal avgis seinast 31. mars. § 14-7 inneheld ei punktvis oversikt over det som årsmeldinga skal omtale.

Om rekneskapen:

Kommunen fører rekneskapen sin etter eit finansielt orientert rekneskapssystem i tråd med forskrifter nedfelt i medhald av kommunelova. Kommunerekneskapen er arbeidskapitalorientert ettersom drifts- og investeringsrekneskapane viser all tilgang på og all bruk av midlar.

Arbeidskapitalen er lik differansen mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld. Dette medfører at kommunerekneskapen seier noko om kommunen si evne til å dekke betalingsforpliktelsane på kort og lang sikt.

Det er i eit kommunerekneskap ikkje noko målsetting å bokføre store overskot. Ein kommune skal yte tenester til innbyggjarane og ta sikte på ein sunn kommuneøkonomi. Fokus må heile tida vere på å produsere dei rette tenestene til innbyggjarane på ein mest mogleg rasjonell måte.

Tilhøve som er viktige for å vurdere kommunen si økonomiske stilling

Resultat:

Driftsrekneskapet for 2021 viser eit positivt netto driftsresultat på 32,1 mill kroner. Dette er 36 mill kroner betre enn budsjettet. Budsjettavviket kjem i hovudsak av at:

- Frie inntekter blei 36,6 mill kroner betre enn budsjettet. Dette kjem av at følgande blei betre enn budsjettet:
 - Skatteinntekter 18,1 mill kroner
 - Inntektsutjevning 7,4 mill kroner
 - Rammetilskot 8,8 mill kroner
 - Skjønnsmidler frå statsforvalter 2,4 mill kroner


Budsjettavvik i rammetilskot og skjønnsmidler skuldast ekstrabevilgningar knytt til koronapademien. Budsjettavvik på skatteinntekter og inntektsutjevning kjem av at økonomien både på lokalt nivå og nasjonalt nivå har gått betre enn det som låg til grunn for skatteanslaget på lokalt og nasjonalt nivå i statsbudsjettet for 2021. Utviklinga i skatteinntekter i 2021 for Sula kommune samsvarer med skatteutviklinga som har vore nasjonalt.

- Resultat for Helse og Sosial blei 14,6 mill kroner dårlegare enn budsjettet. Dette skuldast i hovudsak tiltak for «ressurskrevjande brukarar». Meirforbruket må sjåast i samband med meirinntekt knytt til refusjon for ressurskrevjande brukarar. Denne refusjonen blir bokført sentralt og blei 6,8 mill kroner betre enn budsjettet.

- Refusjon frå staten knytt til ressurskrevjande brukarar blei 6,8 mill betre enn budsjettert.
- Avkastninga vi har hatt på fonds-investeringane vår var 6,6 mill kroner betre enn budsjettert. Avkastninga på våre langsiktige plasseringar via Fondsvorvaltning var på 10,05% i 2021.

Budsjettavvika er forklart i meir detalj i kapitlet «Regnskapsanalyse»

Grafen nedanfor viser netto driftsresultat for dei fem føregåande åra, samt det som ligg budsjettert dei fire neste åra i økonomiplanperioden.




Får å ha ein sunn økonomi og for å bygge opp tilstrekkelig med midler til bruk på investeringar så anbefaler TBU (Teknisk berekningsutval for kommunal økonomi) eit netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene på 1,75%. I økonomiplanperioden 2022-2025 er prosentsatsen positiv i 2022 og deretter negativ. Inkludert i det budsjettert driftsresultat for 2022 ligg det eit «overskot» på VAR-området (sjølvkost) på 4,7 mill. Desse skal brukast til å bygge opp fond innan sjølvkostområdet. I 2022 har vi også budsjettert med at tilskot til flyknintar blir høgare enn utgiftene (som vil komme i seinare år). Vi har derfor budsjettert med avsetning til flyktningsfond på 2,5 mill. Så ser vi bort frå budsjettert resultat for sjølvkostområdet og for flykninger så blir budsjettert driftsresultat for 2022 på -1,4 mill.

2021 har vore eit spesielt år med tanke på at skatteinntektene våre har blitt vesentlig høgare enn budsjettert. Trenden vi har sett dei siste åra er nedgang i netto driftsresultat. Det er også denne trenden vi forventer i åra framover. Ein viktig årsak til dette er at låneopptaka har auka dei siste åra, og at dei vil fortsette å auke i åra framover. Dette kjem fram av grafen nedanfor. Lån påverkar driftsresultatet i form av renter og avdrag.

Gjeld:

Lånegjelda har auka kraftig dei siste åra og vil fortsette å auke i åra framover.



Auke av gjelda i åra framover knytter seg i stor grad til ferdigstilling av Rørstadmarka skule, til bygging av Jetmundgarden (helse) og til bygging av nytt renseanlegg (sjølvkost).

Finansielle måltall:

Indikatorane under er foreslått av KS og er ei vidarutvikling av indikatorar foreslått av riksrevisjonen.

Indikator	Svært utsatt	Lite handlingsrom	Moderat handlingsrom	Større handlingsrom
Netto driftsresultat	< 0	< 1	< 2	> 2
Disposisjonsfond	< 2	< 5	< 8	> 8
Netto lånegjeld	> 85	> 75	> 65	< 65

Kommunestyre vedtok i møte den 18.11.2021 (sak 106/21) følgende finansielle måltall for Sula kommune:

Sula kommune skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna vert ivareteke over tid. Kommunen skal innrette den langsiktige økonomiplanlegginga slik at ein styrer mot følgjande finansielle måltal:

- *Netto driftsresultat skal over tid utgjere minimum 1,5 % av brutto driftsinntekter.*
- *Disposisjonsfondet skal minimum utgjere 10 % av brutto driftsinntekter.*
- *Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal ned på dagens nivå (under 130 %) innan 2030 og 100 % innan 2035*

Tabellen nedanfor viser indikatorane for Sula kommune i perioden 2016 -2021:

Sula kommune 2016 - 2021	Svært utsatt	Lite handlingsrom	Moderat handlingsrom	Større handlingsrom
Netto driftsresultat 2021				3,8 %
Disposisjonsfond 2021				14,1 %
Netto lånegjeld 2021	117,9 %			
Netto driftsresultat 2020	-0,5 %			
Disposisjonsfond 2020				12,7 %
Netto lånegjeld 2020	116,5 %			
Netto driftsresultat 2019		0,7 %		
Disposisjonsfond 2019				11,2 %
Netto lånegjeld 2019	118,8 %			
Netto driftsresultat 2018	-1,3 %			
Disposisjonsfond 2018				11,8 %
Netto lånegjeld 2018	123,4 %			
Netto driftsresultat 2017			1,3 %	
Disposisjonsfond 2017				12,3 %
Netto lånegjeld 2017	117,4 %			
Netto driftsresultat 2016				3,3 %
Disposisjonsfond 2016				12,8 %
Netto lånegjeld 2016	110,4 %			

Netto driftsresultat: Netto driftsresultat består av løpende inntekter fratrasket løpende ugifter. Nøkkeltalet måler om kommunen si drift går i balanse og det seier noko om kommuna sin økonomiske handlefrihet. Anbefalt prosent frå TBU (Teknisk berekningsutval for kommunal økonomi) er på 1,75%. Sula kommune var over dette normtalet i 2016 og 2021. I 2018 og 2020 var prosenten negativ.

Disposisjonsfond: Disposisjonsfondet er avsetningar som kommunestyret kan disponere fritt. Midlar på disposisjonsfond stammar frå tidlegare års overskot og er meint som ein buffer mot uføresette kostnader eller inntektssvikt. Nivået på disposisjonsfondet til Sula kommune er foreløpig bra og gjer at kommunen fortsatt har handlingsrom. 43,1 mill av disposisjonsfondet (125,2 mill pr 31.12.21) er budsjettert brukt i økonomiplanperioden.

Netto lånegjeld: Netto lånegjeld er total lånegjeld fråtrukke vidareutlån og ubrukte lånemidlar. Riksrevisjonen definerer høg lånegjeld til 75 % av driftsinntektene. KS antyder at ein gjeldsgrad på over 100 % er ugunstig. Sula kommune har hatt ein gjeldsgrad på over 100% sidan 2014 og gjeldsgraden vil fortsette å auke i økonomiplanperioden.

Likestilling og diskriminering

Kommunelova § 14-7 seier følgjande: *Det skal redegjøres for den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling i fylkeskommunen eller kommunen. Det skal også redegjøres for kva kommunen gjør for å oppfylle arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26*

Av tiltak som er sett i verk frå kommunen kan det nemnast:

- *Likestilling mellom kjønna*
Harmonisering av løn er kome langt etter ein grundig gjennomgang for nokre år tilbake. Likestilling/likeløn gjennom ein konsekvent personal- og lønspolitikk er eit mål for kommunen, jf Lønspolitisk dokument: Lønn skal fremme og ivareta likestilling mellom kjønn og virke slik at kvinner og menn vert handsama på lik line i samband med vurdering av lønn og avansement.
I kommuneplanens samfunnsdel 2010-2020 har ein også peika på at det kan være utfordringar med likestilling og legg opp til ein strategi der ein er konsekvent i personalpolitikken og lønsforhandlingar.
Ved kunngjering av ledige stillingar vert underrepresentert kjønn oppmoda om å søkje der det er aktuelt.
- *Likestilling pga. etnisitet, nasjonal opprinnelse, avstamning, hudfarge, språk, religion og livssyn*
Eitt av hovudmåla i kommuneplanen er å etablere eit harmonisk mangfald ved inkludering av fleirkulturelle folkegrupper. Eit tiltak er kommunens barnehagar som via NAV-systemet har tatt inn personar i arbeidstrening - fordi dei treng språktrening/opplæring.
- *Likestilling uavhengig av funksjonsevne, og hindre diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne*
Krav om universell utforming ved oppføring av kommunale bygg.

Figur: Kvinneandel i leiarstillingar og i kommunestyret

Kvinneandel i Sula kommune (org)	2021	2020	2019	2018	2017	2016
Leiande stillingar	60,0%	60,0%	68,0 %	65,0 %	65,0 %	69,0 %
Kvinneandel i kommunestyret	44,8%	44,8%	44,8 %	37,9 %	37,9 %	37,9 %

Heiltidskultur, deltidstilsette og ufrivillig deltid.

Sula kommune søker å etablere ein heiltidskultur. Sula har ein kvinneandel på 81 % kvinner. Av desse er over halvparten i deltidstillingar. Det blir arbeidd kontinuerleg med å redusere andelen av ufrivillig deltidstilsette. Ei av utfordringane er at mange ønskjer deltidsarbeide. Det er derfor laga eigne system for å fange opp ønske om utviding av stillingsprosent. I tillegg til at den enkelte leiar vurderer eigne stillingsressursar og løysingar innafor eige ansvarsområde, er det iverksett ulike prosjekt og tiltak som går på tvers av fagområda.

Kommunestyret hadde oppe eiga sak om etablering av heiltidskultur innan pleie- og omsorg i 2019 og det var planlagt at ein skulle arbeide vidare med dette i 2020 og 2021. Pandemien har sett dette arbeidet litt på vent. Elles vert det arbeidd med heiltidskultur i einingane via dei interne rutinene i samband med ledige stillingar.

Tiltak for å sikre betryggende kontroll og høy etisk standard i kommunen.

Økonomireglementet er revidert og oppdatert i forhold til økonomibestemmelsane i ny kommunelov gjeldande frå 01.01.2020. Økonomireglementet er vedtatt i kommunestyret 25.3.2021 (sak 21/21).

Etiske retningslinjer, innkjøpspolitikk og hovudprinsipp for eigarstrategi vart revidert og vedtatt i kommunestyret 25.3.2021 (sak 21/21).

Finansreglement vart revidert og vedtatt i kommunestyret 20.10.21 (sak 89/21). Vi har tertialvise finansrapporteringar.

Sula kontrollutval har i samarbeid med MRR – Møre og Romsdal Revisjon SA i 2021 gjennomført forvaltningsrevisjon innanfor «Innkjøp og offentlege anskaffingar» utan vesentlege merknader (KS 23.09.2022, sak 075/21).

Vi har ei tett og god oppfølging av driftseiningane. Rekneskapet vert analysert kvar månad av kommunalsjefar og einingsleiarar. I tillegg vert ei grundigare analyse gjennomført i tilknytning til tertial rapporteringane. Rapportprogrammet BI er også svært nyttig og gir til ein kvar tid oppdatert informasjon om m.a. økonomi og fråvær. Meir opplæring og utarbeiding av standard rapportar til budsjettkontroll har også bidratt til å gjere oppfølginga betre.

Internkontroll 2021:

Sula kommune sitt kvalitetssystem Risk Manager er under utfasing, og skal implementerast i SIKRI si løysing **Samsvar**. Arbeidet med dette starta i slutten av 2021. I tillegg til å vidareføre alle kommunen sine prosedyrar og retningslinjer, skal Samsvar dokumentere at kommunen sin drift er i samsvar med lovpålagte oppgåver. Dette er dei såkalla kommunepliktene. Kommunepliktene består av om lag 220 forskjellige tenester, ofte omtalt som velferdstenester, som kommunen er pålagt å tilby sine innbyggjarar gjennom lov. Desse tenestene er underlagt statleg tilsyn.

Tenester kommunen tilbyr utover dette, altså dei ulovfesta tenestene, er ikkje underlagt statleg tilsyn. Like fullt er desse tenestene også omfatta av kommunen sin internkontroll, og det er uansett viktig at kommunen har system og rutinar for å sikre forsvarlege tenester.

Kommunen må kunne dokumentere at dei lovpålagte tenestene blir handtert forsvarlig. I dette ligg at saksbehandlinga er etterprøvbar, likeverdig og transparent. Personvern og krav innanfor GDPR-forordninga står sterkt, og skal sikre at sensitive personopplysningar ikkje kjem på avveie. På den andre sida skal også innsynsretten som regulerast av offentleglova ivaretakast. Denne balansegangen kan vere krevjande, og stiller krav til gode system. Ikkje minst blir tilsette sin kompetanse og lovforståing innanfor saks- og arkivområdet sett på prøve.

I tillegg til reine lovkrav, har vi også sentrale føreseigner og retningslinjer, ofte i kombinasjon med særlover. Dette gir sterke føringar når kommunen skal innrette og dimensjonere sine tenester. Dette blir omtalt som kommunen sine *aktørplikter*, og kommunen må dokumentere

korleis ein løyser dette gjennom nedfelte prosedyrar og kommunale retningslinjer. Korleis desse etterlevast, skal også dokumenterast.

Mangelen på etterleving, eller hendingar som bryt med prosedyrar/retningslinjer, blir registrert som avvik, og skal registrerast og behandlast i avvikssystemet.

I 2021 var det registrert 526 avvik i kommunen, fordelt på desse kategoriane:

År:	2021
Eksterne klager	0
Forbetringsforslag	1
Helseforetak - samhandlingsavvik	6
HMT (Helse Miljø Tryggleik)	251
IKT	6
Informasjonstryggleik/personvern	9
Intern varslings	6
Legemiddelavvik	162
Tenestekvalitet *)	85
Totalt	526


REF: Risk Manager

*) Talet på avvik har vore vesentleg redusert i 2021 i forhold til tidlegare år, og det er spesielt på området **tenestekvalitet** at nedgangen har vore størst. (415 i 2019 og 265 i 2020). Det er vanskeleg å seie kva denne nedgangen skuldast, men det er nærliggande å tru at ein tar lærdom av å behandle avvik, og at dette i seg sjølv er med på å redusere talet på nye.

Elles er det HMT og legemiddelavvik som utgjer størstedelen av avvika. Her må det understrekast at hendingar/forhold som *kan føre til* avvik også inngår i desse meldingane. Slik sett kunne langt fleire av desse «avvika» vore meldt som forbetringsforslag (eigen kategori). Men at tilsette ikkje kvier seg for å melde avvik, og at vi har ein god meldekultur, er likevel det viktigaste.

Utvikling i avvik:

Totalt antall avvik fordelt på periode



Rekneskapsanalyse

I kommunelova § 14-7 bokstav b framgår det at årsmeldinga skal redegjøre for vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjett og årsrekneskapet, samt vesentlige avvik frå kummunestyrets premisser for bruken av bevilgningane.

Kommunestyret bevilger netto budsjetttrammer både for drift og investering. Premissane for bevilgning av budsjetttramme for drift er først og fremst av økonomisk karakter, dvs at sektorane skal halde seg innanfor si budsjetttramme.

Når det gjeld bevilgning av rammer til investering er det ein økonomisk premiss i form av at investeringsprosjekta ikkje skal koste meir enn budsjettert. I tillegg ein premiss knytt til gjennomføring av investeringsprosjekta sett opp mot totalt bevilga beløp til investering.

I kapitlet «Driftsrekneskap for 2021» blir budsjettavvik kommentert både på overordna nivå og på detaljert nivå per eining.

I kapitlet «Investeringsrekneskap for 2021» blir budsjettavvika kommentert per sektor. Budsjettavvika kjem i hovudsak av at gjennomføring av investeringsprosjekta har blitt forsinka eller utsatt. Investeringsprosjekta som utgjer dei største avvika blir spesifisert.

Driftsrekneskap for 2021

Driftsrekneskapet for 2021 er avlagt i balanse. Det vil sei at resultat av inntekter, utgifter og interne finanstransaksjoner (bruk av og avsetning til fond, samt overføring til kapitalrekneskapet) er null.

Netto driftsresultat i 2021 er positivt med 32,1 mill kroner. Dette er 36 mill kroner betre enn budsjettert.

Forskjellen mellom avlagt regnskap i balanse og netto driftsresultat er dei interne finanstransaksjonane. Fram til 2020 blei rekneskapet avlagt med mindreforbruk dersom resultatet var betre enn budsjettert. Slik er det ikkje lenger i ny kommunelov og regnskapsforskrift. Dersom driftsrekneskapet no viser eit mindreforbruk så skal mindreforbruket reduserast ved å stryke bruk av disposisjonsfond. Dersom rekneskapet fortsatt viser eit mindreforbruk skal dette avsettast til disposisjonsfond. Dette framgår av regnskapsforskrifta § 4-3. Når netto driftsresultat i 2021 er betre enn budsjettert så har dette medført avsetning til disposisjonsfond for 2021. Det var budsjettert med bruk av disposisjonsfond.

Budsjettavvika for kvar sektor og eining er forklart i detalj i dei påfølgjande sidene.

Budsjettavviket kan i hovudsak forklarst med følgjande:

Område	Bud.avvik	Kommentar
Frie inntekter	-36 600 000	Skatt, inkl inntektsutjavnning, er 25,5 mill betre enn budsjett. Resten kjem av koronamidler
Avkastning fondsforvaltning	-6 600 000	God avkastning på fondsplasseringar. Avkastning på langsiktige plasseringar var på 10,05%
Helse og sosial	14 600 000	Overforbruk skuldast i hovudsak dyre tiltak for "ressurskrevjande brukerar"
Refusjon res.krevjande brukerar	-6 800 000	Refusjon ressurskrevjande brukerar er høgare enn budsjett.
Andre områder	-600 000	Sum av meirforbruk og mindreforbruk frå andre områder.
SUM budsjettavvik	-36 000 000	Driftsresultat er 36 mill betre enn budsjett
Budsjettert negativt driftres.	3 900 000	Budsjettert med negativt driftsresultat for 2021
Positivt netto driftsresultat	-32 100 000	Positivt netto driftsresultat for 2021

Nedanfor vil vi oppsummere dei største budsjettavvika for kvar sektor.

Sentraladministrasjonen

Sentraladministrasjonen har mindreforbruk i 2021 på 2,4 mill. kroner.

ANSV.	NAVN	REGNSKAP	BUDSJETT	AVVIK	KOMMENTAR
	SENTRALADMIN.	53 505 278	55 868 622	-2 363 343	Mindreforbruk på 2,4 mill for sentranadministrasjonen
	POLITISK UTVAL	7 980 093	8 468 502	-488 409	
11010	POLITISK STYRING	3 561 941	3 434 386	127 555	Møtegodtjersle er ein av dei store utgiftspostane her (1,4 mill). Den er akkurat på budsjett. Lønnsutgifter til ordfører og varaordførar er også ca på budsjett. Budsjettavvik kjem av at andre driftsutgifter (bevertning, diverse forbruksmateriell, lisenser osv) er over budsjett.
11020	VAL	332 983	298 932	34 051	Pga koronapademiene måtte vi ha fleire valgfunksjonærar enn vanleg. Dette forklarar overforbruket.
11030	REVISJON, KONTR.UTVAL	1 042 777	1 108 774	-65 997	Ca som budsjett
11040	ELDRERÅD	61 700	59 000	2 700	Ca som budsjett
11050	RÅD FOR FUNK.HEMMA	76 500	39 410	37 090	Ca som budsjett
11060	SIVILFORSVAR	2 704 586	2 985 000	-280 414	Det som i utgangspunktet blir budsjett her er utgifter til Ålesund kommune på sivilforsvar. Årleg utgift er på rundt 80.000kr. Vi har ikkje mottatt faktura frå Ålesund kommune for 2021. Alt som er utgiftsført her i 2021 er koronarelaterte utgifter som utgift til smittefrakker, munnbind, engangshansker, hånddesinfeksjon, sperreband, leige av lokaler til vaksining osv. I haust blei sentralt budsjetterte koronamidler omfordelt basert på prognose for utgifter for 2021. Budsjettavvik skuldast at det blei tilført meir i koronabudsjett til dette ansvaret enn det utgifta faktisk blei.
11070	TIL FORMANNSKAPET SIN DISP.	199 606	543 000	-343 394	På dette ansvaret låg det opprinnelig 8,24 mill i budsjetterte koronamidler til fordeling, samt 300.000kr formannskapets disposisjon. Av dei 8,24 mill blei 8 mill fordelt, dette vil sei at 240.000kr ligg igjen her. Av dei 300.000kr til formannskapets disposisjon har dei brukt 200.000kr. Desse to forholda forklarar budsjettavvik på 343.000kr.

ANSV.	NAVN	REGNSKAP	BUDSJETT	AVVIK	KOMMENTAR
	RÅDMANN M/STAB	40 285 112	41 702 819	-1 417 706	
11210	RÅDMANN	1 720 412	1 751 152	-30 741	Ca som budsjettert
11220	ØKONOMIAVDELINGA	6 840 457	6 906 010	-65 552	Ca som budsjettert
11230	STØTTESTAB	9 266 366	9 423 862	-157 496	Ca som budsjettert
11233	HOVUDSTILLITSVALDE	1 578 360	1 397 624	180 736	Meifrobruk skuldast i hovedsak at refusjonar (art 17700) er ca 140.000kr lavere enn budsjett. Dette gjeld refusjon frå Utdanningsforbundet for frikjøp av tillitsvalgt. Resterande meirforbruk skuldast at lønnsutgift er ca 40.000kr høgare enn budsjettert.
11240	SERVICEKONTORET	6 039 304	6 211 830	-172 525	Lønnsutgift er ca 30.000kr under budsjett, inntekter er ca 15.000kr over budsjett, og andre driftsutgifter (kontormateriell, kopier, porto telefonenester osv) er ca 130.000kr under budsjett.
11241	IKT	14 978 382	15 466 341	-487 959	Mindreforbruk skuldast i stor grad sjukepengerefusjon som er på 415.000kr i 2021
11242	STARTLÅN OG TILSKOT	-138 169	546 000	-684 169	Mindreforbruk skuldast i hovedsak at vi ikkje hart utbetalt/utgiftsført tilskot til etablering i 2021, medan det er budsjettert med 546.000kr. Det som forklarar resterande mindreforbruk er at renteinntektene våre på startlåna er litt høgare enn våre renteutgifter.
	OVERF. TRUSSAMFUNN	5 240 073	5 697 301	-457 228	
11410	OVERF. TIL SOKNERÅDET	4 435 000	4 810 000	-375 000	Ordinært driftstilskot til soknerådet for 2021 er på totalt 4.435.000kr. Dette blir fordelt og utbetalt kvar månad. I budsjettet ligg det i tillegg eit tiltak på 375.000kr i 2021 som gjeld maling av Indre Sula kyrkje. Dette blir utsatt til 2022. Dette er årsaken til budsjettavviket på 375.000kr
11411	TENESTYTING KYRKJE	213 099	260 789	-47 690	Ca som budsjettert
11420	TILSKOTT TRUSSAMFUNN	0	619	-619	Oppgåva er overført frå kommune til stat frå 2021
11430	GRAVSTADER	591 974	625 893	-33 919	Ca som budsjettert

Oppvekst

Oppvekst har eit meirforbruk i 2021 på 0,8 mill. kroner.

ANSV.	NAVN	REGNSKAP	BUDSJETT	AVVIK	KOMMENTAR
	OPPVEKST	256 855 283	256 102 572	752 711	Meirforbruk på 0,8 mill for oppvekst
	ADMIN. OG FELLESUTG.	11 057 562	9 820 685	1 236 877	
21010	OPPVEKST UTVALET	136 979	141 639	-4 660	Ca som budsjettert
21020	ADMIN. OPPVEKST	1 533 791	2 040 628	-506 836	Mindreforbruket kjem i hovudsak av at opplæring/kurs er ca 400.000kr under budsjett.

ANSV.	NAVN	REGNSKAP	BUDSJETT	AVVIK	KOMMENTAR
